



# Norsk Folkemusikklag

## Referat frå årsmøte 22. mars 2019

Årsmøtet vart halde i Slottsbiblioteket på Nasjonalbiblioteket, Oslo

Til stades: 11 medlemmar inkludert styret

### 1. Val av møteleiar og referent

Bjørn Aksdal vart vald til møteleiar og Sveinung Søyland Moen til referent.

### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknadar.

### 3. Årsmelding for 2018–2019

Leiar Bjørn Aksdal presenterte forslag til årsmelding frå styret. Under omtalen av økonomien var det nemnd to søknadar til Stiftinga for folkemusikk og folkedans og Rådet for folkemusikk og folkedans om støtte til skriftet og seminaret, men styret hadde ikkje fått svar på søknadane då årsmøtepapira vart sendt ut. Ettersom svar på søknadane likevel kom innan årsmøtet, valde årsmøtet å ta desse inn i årsmeldinga. Sjå elles detaljar om søknadane under sak 6.

Årsmelding for perioden 2018–2019 vart vedtatt med nemnde endringar.

Deltakarane på årsmøtet kom vidare med innspel til framtidige årsmeldingar som styret tar med seg i det vidare arbeidet. Det vart mellom anna foreslått å kutta noko i historikken og i større grad konsentrera framtidige årsmeldingar meir rundt den aktuelle perioden.

### 4. Regnskap for 2018

Kasserar Anne Svånaug Blengsdalen presenterte rekneskapen for årsmøtet og las opp revisjonsberetninga. Årsmøtet kom med mindre innspel som styret tar med seg i det vidare arbeidet. Styret vil mellom anna undersøka om det er mogleg å føra rekneskapen for Mot som del av rekneskapen til NFL, slik at tala kjem tydelegare fram i rekneskapen til NFL. Rekneskapen vart vedtatt utan endringar.

### 5. Arbeidsprogram for 2019–2020

Styret presenterte arbeidsprogrammet for den komande perioden.

Arbeidsprogrammet vart vedtatt utan endringar.

## **6. Budsjett for 2019**

Styret la fram budsjettet. Styret oppdaterte årsmøtet om søknadar til Stiftinga for folkemusikk og folkedans om støtte til skriftet, og Rådet for folkemusikk og folkedans om støtte til seminaret. Det var søkt om kr. 25 400,- frå Stiftinga og kr. 10 000,- frå Rådet. Desse summene var difor sett inn i budsjettet. Etter at årsmøtepapira vart sendt ut har styret fått svar på begge søknadane og laget har totalt fått kr. 4 900,- mindre enn budsjettert. Budsjettet for 2019 vart godkjend utan endringar.

## **7. Framtida til Norsk folkemusikklag og Musikk og tradisjon**

Styret inviterte årsmøtet til å koma med innspel til vidare drift av laget, både til dei økonomiske utfordringane og til det faglege arbeidet. Deltakarane kom med fleire gode innspel som styret noterte seg og tar med i det vidare arbeidet.

## **8. Årskontingent**

Årsmøtet vedtok å vidareføra kontingenten for 2019 på nivået frå 2018.

## **9. Val**

Valkomiteen, representert ved Hans-Hinrich Thedens, presenterte innstillinga på årsmøtet. Dei innstilte medlemmane vart valde med akklamasjon. Etter årsmøtet sit følgjande medlemmar i styret:

Bjørn Aksdal, leiar (til 2020)  
Per Åsmund Omholt (til 2021)  
Anne Svånaug Blengsdalen (til 2020)  
Sveinung Søyland Moen, (til 2020)  
Andrea Kasbo Rygh, (til 2021)

Vara 1: Sigrid Stubsveen, varamedlem (til 2020)  
Vara 2: Leif Ingvar Ranøien, varamedlem (til 2020)

Valkomiteen har etter årsmøtet følgjande samansetting:  
Hans-Hinrich Thedens (til 2020)  
Mary Barthelemy (til 2021)

Revisor Siri Mæland vart attvald for eitt år.

## **10. Seminar og årsmøte 2020**

Styret informerte årsmøtet om førebels tankar rundt seminar og årsmøtet i 2020. Deltarane i årsmøtet kom med gode innspel som styret tar med seg i den vidare planlegginga.

## **11. Eventuelt**

Stian Roland informerte årsmøtet om at det frå hausten 2019 vert starta opp eit instrumentmakarstudium på Rauland ved Universitetet i Sørøst-Noreg. Det vert òg arbeidd med etablering av studium i utøvande dans.

Unni Løvlid informerte årsmøtet om nytt masterstudium i transkripsjon som vert starta opp ved Norges Musikkhøgskole hausten 2019.